

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 29/2003

Møtedato: 14.5.03

Arkiv nr:

S 526, BAKLIE – SØKNAD OM Å OVERTA DEL I FELLESSTØL

Jørgen Holden søker om å få overta del i Baklie fellesstøl som han har kjøpt fra Willy Kristiansen (noverande eiger er Tora Gullhaug). Kjøpekontrakt datert 1.3.94 er lagt ved søknaden.

Søkjaren har bruket Kvåle 76/3 og han har 64 geiter med ei kvote 33.315 liter. Han har frå før støl på Stubbeset, men finn det umulig å drive med geitedrift på Vaset etter all turistutbygginga. Arealet på Stubbeset vil han bruke til fordyrking og beite med killingar.

Statskog har ingen merknader til overføringa.

Etter fjellova § 18 og stølsforskriftene § 1 heiter der jordbrukar med beiterett i statsallmenningen som godtgjer at det trengst seter til drift av garden, kan få utvist seter anten åleine eller saman med andre jordbrukarar, jf. § 18 første stykket og § 21 andre stykket i fjellova. Det kan krevjast at han - eventuelt dei - godtgjer trongen ved til dømes å leggje fram driftsplan. Tilsvarende gjeld ved sal av støl eller del i fellesstøl.

VEDTAK:

Fjellstyret reknar det som godgjort at søkjaren har behov og godkjenner overføring av del i Baklie fellesstøl frå Neståker 7/6 til Kvåle 76/3.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 16.5.03

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Jørgen Holden
Arne Egil Dyveseter
Åse Fauske
Tora Gullhaug
Statskog
Vestre Slidre kommune LNF